

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185 Sentrum  
5804 Bergen  
E-post: [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

Bergen 20.5.16

Att: Fiskeridirektøren

#### **SAK 4.5 VASSILD OG RTC**

Det er nyleg innført RTC for vassildfiske.

Det bør koma på plass ei ordning som gjer at båtar som er sorterar ut bifangst, og er eigna og utrusta for å ta vare på bifangst av hyse til konsum, kan drive fiske innanføre utøvingsforskrifta sine reglar om innblanding av bifangst. Desse fartya bør ikkje regulerast av nokon RTC- ordning, med mindre bifangsten overstiger 10% (jamnfør utøvelsesforskriften for fiske nord av 64 graden)

Det kan ikkje vera slik at dersom enkelte båtar får høg innblanding av hyse så kan det føra til at stengte felt for båtar som held seg innanføre stengingskriteriet.

Ein måte å redusera bifangsten på er å opna fisket 1. januar, og ikkje 1. februar som i dag. Dette fordi sild og hysa trekk sørover på gytevandring seinare på våren. I tillegg så er vassildfisket eit marginalt fiskeri, og mange farty tek kvoten sin på ein tur eller to. Dersom fisket blir opna tidlegare får fiskarane betre tid til vassildfisket, i høve til andre fiskeri. Det kan verka positivt på bifangstproblematikken.

Like eins vil det vera gode tiltak om det blir innført fleks på fartynivå. Dette for at eventuelt fiske ut over kvote skal gå ut over det aktuelle farty, og ikkje heile gruppa.

Med helsing

Pelagisk Forening/  
Pelagisk Servicekontor AS

  
Ask Økland  
Advokat